

# Selinvasjon på kysten


Av Ola M. Heide

Med ulike mellomrom har det opp gjennom åra vore storinvasjon av sel på kysten. Såleis var det to store invasjonar av sel på kysten av Nord-Noreg i førre hundreåret. Eldre folk fortalde i min barndom og ungdom om «russekobbeåret» i 1904, og om korleis dette påverka livet på kysten. Mange husker sikkert også den siste store selinvasjonen på kysten i 1980-åra. Eg skal her skrive litt om desse to hendingane og korleis dei påverka fiske og fangst og tilværet for folk på kysten.

## Litt om «russekobben» eller grønlandsselen

Ved begge desse selinvasjonane var det grønlandsselen (*Phoca groenlandica*) som dominerte. Berre unntaksvis var det nokre slengarar av ringsel (snadd) med i laget. Grønlandsselen finns berre i Nord-Atlanten og Barentshavet. Han er ein mellomstor sel-art som kan bli bortimot 40 år gamal. Gamle hanselar (gamal-hundar) kan bli opp til 190 cm lange og veia over 200 kg, men vanleg storleik er om lag 170 cm lengde og vekt på 120-140 kg. Det finns tre ulike bestandar av grønlandssel som har sine eigne yngleplassar: I St. Lawrence-bukta og Davissundet ved Newfoundland, i Grønlandshavet mellom Jan Mayen og Grønland (Vestisen), og i Kvitsjøen (Austisen). Under yngle-perioden i mars-april samlar tusenvis av dyr seg i tette koloniar i pakkisen i desse kastlegra der ungane blir fødd (kasta) rett på isen. Nyfødde ungar er om lag 85 cm lange og veg 10-11 kg. Dei har ein tett kvit pels (kvitungar), og startar livet med ein intensiv die-periode på ca. 12 dagar der dei snøgt aukar vekta med over 2 kg/dag og legg på seg eit tjukt spekklag. Grunnlaget for dette er den næringsrike selmjølka som inneheld omlag 12 % protein og 48 % feitt. På slutten av die-perioden parar hoa seg att og forlèt ungane på isen medan ho sjølv dreg ut på ei lang næringsvandring. Ungane må nå greia seg på eiga hand og tæra på spekklaget til dei lærer seg å jakte på krepsdyr som dei lever av den første tida. Dei skiftar nå pels og får ein sølvgrå farge med svarte flekkar som dei har det første leveåret (såkalla svartungar). Etter neste års hårfelling får dei ny pels med større flekkar som dei beheld til dei blir kjønnsmogne ved 6-8-årsalderen (såkalla brunsel). Dei utviklar nå ein sølvfarga pels med svart ansiktsmaske og ein karakteristisk salforma svart flekk på ryggen (Fig. 1).

Totalt reknar ein med at det finns omlag 10 millionar grønlandssel, derav om lag 2 millionar i Austisen og 0,7 millionar i Vestisen. Det har i lange tider vore drive storstilt jakt på grønlandsselen i yngle- og



Vaksen grønlandssel. På engelsk vert han kalla «harp seal» på grunn av den svarte flekken på ryggen som kan ha fasong som ei harpe.

paringsperioden, særleg frå Canada, Noreg og Russland. I dei første åra etter siste verdskrigen vart det årleg fangsta opp mot 60.000 dyr i Vestisen, medan den samla norske og russiske fangsten i Austisen på det meste var oppe i 160.000 dyr/år. Men på grunn av sterke protestar frå dyrevernorganisasjonar og andre mot det som vart omtala som inhumane fangstmetodar og jakt på nyfødde ungar og mødrer i barselseng, kom selfangsten i miskreditt og etterspurnaden av sel-produkt gjekk drastisk ned. Fangsten har også stadig minka. I 2016 var det såleis berre ei einaste norsk fangsskute i Vestisen, og i år er det ingen. Ein stolt og fargerik æra med slit og kamp mot skru-is og uvêr og velmeinande dyre-vernarar er dermed slutt. Etter at fangsten har blitt trappa ned, har nå bestanden av grønlandssel auka sterkt, og mange er nå uroa over kva dette kan få å seia for våre viktigaste fiskeslag som har sine oppvekstområde i Barentshavet der selen har tilhald det meste av året.

Mellom yngleperiodane er grønlandsselen ute på store næringsvandringar. Vestis-selane dreg aust og nordover mot det nordlege Barentshavet og Svalbard-området, medan selane i Austisen dreg nordvestover til dei same områda, slik at begge bestandane er å finna her i sommartida. Selane lever særleg av krepsdyr og fisk, særleg lodde, sild og polartorsk, men og større fisk som torsk, sei og hyse. Særleg synes lodda å spela ei viktig rolle, ettersom dei store invasjonane nedover Norskekysten synast å henga saman med samanbrot i loddestammen i Barentshavet. Det synes med andre ord som det er matmangel i dei tradisjonelle leveområda som får selen til å leggja ut på langferd sørover.

## Selinvasjonen i 1903

Rundt førige hundreårsskiftet var det fleire mindre og lokale invasjonar av russekobbe på kysten av Aust-Finnmark, den første alt i 1895. Men det var i 1903 at den store invasjonen kom. Far min opplevde dette på nært hald og fortalte mykje om det. Han og tre brør hadde nokre år tidlegare kjøpt seg ei lister-skøyte som dei kalla 'Valkyrien' og dreiv fiske med i Lofoten og på Finnmarka. Under vårfisket på Finnmarka brukte dei å ha tilhald i Mehamn og drifta med linefiske derifrå. Dei var såleis i Mehamn

i 1903 då det kjente Mehamn-opprøret fann stad. Om dei sjølve var med i aksjonen, vart det ikkje sagt noko om. Det var dårlege tider for fisket i desse åra, og fiskarane meinte dette skuldast kvalfangsten som den kjente kvalfangstpioneren Svein Foyn (1809-1894) og andre «søringar» dreiv her nord. Frå 1960-talet og utover vart det bygd opp mange mottak for kval (såkalla kvalstasjonar) på kysten, og den moderne kvalfangsten var så effektiv at bestanden av kval gjekk sterkt ned. Fiskarane meinte at kvalen var nødvendig for å driva sild- og fiske-stimane inn mot kysten, og meinte at det dårlege fisket skuldast nedgangen i kvalbestandane. Dei kravde derfor at kvalen måtte fredast, men fekk sterk motbør av marinbiologar og kvalfangarane og lite gehør hos politikarane. Då Stortinget på nytt utsette fredningssaka i vårsesjonen 1903, tok vreden overhand hos fiskarane, og i pinsehelga i 1903 gjekk dei til åtak på Tanen kvalstasjon i Mehamn. Dei knuste og herja og øydela, og det heile toppa seg då over tusen fiskarar reiv ned skorsteins-pipa på stasjonen. Far fortalte mange gonger om dette dramaet. Det var særleg ein kar som gjekk under namn av 'Lettvinten' som leia det praktiske arbeidet og kleiv opp i pipa. Dei prøvde først med ein ankerkjetting som dei festa oppe i pipa, men han heldt ikkje for den samla handmakta til fiskarane. Ein kan vel tenka seg at det må ha vore ein vri på kjettingen som har vore grunnen til at han rauk av. Men då dei la på ei kvaltrosse av det slaget som vart brukt til å vinsja opp kvalskrottane, gjekk pipa i bakken. Saka førte til stort politisk oppstyr og myndighetene beordra både politi og militære styrkar ut for å skapa ro og orden. Ei handfull personar vart arresterte og nokre få fekk også bøter eller korte fengselsstraffer på mellom 4 og 21 dagar på vatn og brød. I ettertid veit vi imidlertid at det ikkje er kvalen som jagar lodda inn til lands, men at ho kjem inn til kysten for å gyta, og at torsken då følger etter. Men året etter Mehamn-opprøret vedtok Stortinget å freda kvalen på kysten i ti år.

Far og onklane mine på 'Valkyrien' fekk og oppleva sjølve selinvasjonen på nært hald i 1903. Dei låg utanfor Mehamn og drog line då dei fekk sjå ei massiv skrei av «russekobbe» komme fossande som ein størjestim vestover Austhavet. Selen gjekk heilt oppe i vassyta og sprang til dels «sjyлаust» som ein springar. Det var sel så langt dei kunne sjå. Etter at selen kom, opplevde dei at kvar einaste fisk som dei fekk på lina, var skambiten og heilt øydelagt. Selen hadde tatt ein jafs på undersida av fisken rett bakom øyrebeinet, eller rett over «leverhove», som dei sa. Dette er den fremre delen av levra (hovudet) der dei to armane av levra heng i hop. Så selen visste tydelegvis godt kor godsakene sat. Slik skambiten fisk vart rekna som vrak som ikkje kunne seljast, og heile Finnmarkfisket fekk dermed ein brå stans dette året.


Det var tusenvis av selar som kom frå yngleplassane i Austisen som invaderte heile kysten av Nord-Noreg og heilt nedover til Trøndelag og Mørekyten dette året. Såleis kan Gerd, kona mi, som er frå Ørlandet,

fortelja om at bestefar hennes ein dag skulle køyra ned i fjæra etter eit lass sand, men kom heim att med ein grønlandssel i bikkvogna. Selen hadde krope opp på ein stor stein på flo sjø og hadde så falde tørr då sjøen fall ned. I den lang-grunne Ørlands-fjæra rakk han ikkje å komme seg snøgt nok ut i vatnet att då kallen kom køyrande og lett kunne springa han opp og slå han i hel med skuffa.

Grønlandsselen heldt seg på kysten heile sommaren i 1903. Dette medførte svartår for fisket langs heile kysten. Enda i min ungdom snakka folk mykje om dette. Den store mengda av sel gjorde store innhogg i alle fiskebestandane som kystfolket lever av. Det vart heller stilt på seigrunnane denne sommaren. Fisken forsvann frå dei vanlege fiskeplassane og søkte seg ned på djupt vatn til dei djupaste klakkane der det var meir strevsamt for selen å koma til. Såleis fortalte eldre folk om spesielle tilrørar som dei nytta for å få seg kokfisk dette året. Men heller ikkje på desse plassane slapp dei heilt unna grønlandsselen som kan dukka ned til minst 300 meters djup. Det vart og store skader både på fangst og bruk, særleg var garnfiskarane og laksenot-fiskarane ille ute. På den tid var garn og nøter bunde av hamp- og bomullstråd og dei vart ofte stygt rivne og skada. Det var og mange selar som vart sittande fast og drukna i garn. Det var mykje strev med å få opp og greia ut ein selskrott av garnet, og det einaste lyspunktet i situasjonen var at selkjøttet var kjærkoment i denne tida med fiskemangel. Det var likevel mange som ga opp garnfisket under slike forhold. Dei lokale fiskestammene i fjordane våre, vart med sin avgrensa storleik sterkt reduserte under selinvasjonen, og fisket var heller labert også i dei første åra etter. Men kobbejakta fekk sjølv sagt eit oppsving då russekobben kom. Kobbeskyttarane hadde frå gammalt av høg status i kyst- og fjordbygdene og dei kom nå til ny verdigheit att.

#### **Ny selinvasjon på 1980-talet**

På slutten av 1970-talet og første del av 1980-talet dukka det på nytt opp mindre og lokale førekomstar av grønlandssel på Finnmarkskysten på seinvinteren og våren., særleg i Varangerfjorden. For å kompensere for skade på garnbruk vart det innført godtgjersle til fiskarane på 300-400 kr for kvar sel som kunne dokumenterast drukna i fiskegarn. Tala for dette har gitt relativt sikker informasjon om tid og omfang av denne selinvasjonen. Medan talet heldt seg nokolunde konstant på rundt eit par tusen dyr fram til 1985, skjedde det ein dramatisk auke fram til 1987 då talet på rapportert garnfanga sel var over 66.000 dyr (sjå Fig. 2). Deretter gjekk talet ned til under det halve i 1988 og vidare ned til normalt nivå att i 1989. Ettersom ikkje all fangst vart innrapportert, meiner ein at talet på drukna sel kan ha vore så høgt som 100.000 dyr i 1987. Ut frå dette er det berekna at omfanget på selinvasjonen på det meste må ha vore på omlag 300.000-400.000 dyr.



Kart som viser vandringsrutene for selen under invasjonen i 1987. Tala som er sett inn, refererer til omfanget av sel som vart innrapportert drukna i fiskegarn i dei ulike områda av kysten i 1987. (Modifisert etter Haug og Nilsen, 1995).

Under denne selinvasjonen vart det gjort omfattande undersøkingar både over den geografiske utbreiinga av invasjonen og av kondisjon og mageinnhald hjå garnfanga sel. Resultata viste mellom anna at dei invaderande selane var heller magre og i dårleg kondisjon. Spekklaget på desse selane var såleis markert tynnare enn det ein til vanleg finn hos sel i Barentshavet til same årstider. Det var sel frå Austisen som dominerte, og både ungdyr og vaksne dyr av begge kjønn tok del i invasjonen. Utreiinga av invasjonen synes å ha vore større enn i 1903, ettersom det i 1987 vart fanga grønlandssel heilt ned til Skagerakkysten og Oslofjorden. I alt vart over 20 slag byttedyr funne i magane på dei undersøkte selane.

framhald side 19

# HÅLØYGMINNE

Lokalhistorisk tidsskrift for Nord-Norge

Utgitt av Hålogaland Historielag

Skriftstyrar  
Vidkunn Eidnes

Bind 24  
2013-2016

ISSN 0333-0931

ELDAR HEIDE  
KRINGLEBOTN 120  
5225 NESTTUN

B



Returadresse: Skjærvegen 30, 9404 Harstad

## Håløygminne

Harstad

er einaste lokalhistoriske tidsskriftet for heile Nord-Noreg. Skriftet kjem ut med 4 hefte om året. Det har stoff om nordnorsk historie, om folkeminne og tradisjon m.m. I blant har «Håløygminne» gitt ut særskilde tilleggsbøker som tingarane har fått utan ekstra kostnad.

Årspengane er kr 200,- (frå 01/01-2014). Alle bibliotek kan tinge skriftet gjennom Norsk Bibliotekforenings Tidsskriftformidling til noko redusert pris.

Tidsskriftet blir sendt inntil mottakaren seier opp abonnementet.  
Vidkunn Eidnes har ansvaret for skriftet.

Adresse for Håløygminne: Skjæravn 30, 9404 Harstad  
E-post: v.eidnes@frisurf.no - Bankgiro 4760.05.11404.  
Org.nr.: 996 629 570 - Håløygminne på internett: [www.hminne.no](http://www.hminne.no)

Ekspedisjonen har framleis dei fleste av hefta etter 1963 for sal, likeins register for tida 1920-44 og 1945-2004 og ein del særprent. Ved å vende seg til ekspedisjonen kan ein få opplysning om prisane m.m.

**Inntil vidare sel vi eldre årgangar til «gje-bort-pris»!**

### Innhald i dette heftet:

Finn Myrvang:	Femris – eit eineståande øynamn.....	s. 1
Inger Storli:	Ottar fra Hålogaland .....	s. 4
Ola M. Heide:	Selinvasjon på kysten.....	s. 10
Vidkunn Eidnes:	Register Håløygminne bind 24, 2013-2016.....	s. 15
Mikael Cerbing:	Att se en gårds historia genom ett nyckelhål – Om utgrävningen på Nordsand, Sandsøy, 2014	s. 21
Vidkunn Eidnes:	Utdrag frå rekneskapan for 2016 .....	s. 32

